## Hordaland!

Heim til Noreg, vårt Hordaland! Det er vår framtidsdag:
Samhaldstanken gjev broderhand, trufast og inderleg:
Klårsyn leide di arbeidsmakt innunder Noregs flag.
Vernen vere di grensevakt og tryggje din framtidsdag.

— . —

## Fedrelandet!

Du gamle, fagre fedreland, med öyar langs di lange strand,
der Nordsjöbylja gar — !
Di fjord og vik seg trengjer inn, og lagar hamn mot ver og vind
i gjenom tusund år — !

— . —

Ditt trauste gråfjell tek i mot dei kvasse stormkast ved din fot-
gjev livd til fjord og grend — !
Det speglar seg i blanke sjö, med toppen kledd i is og snö —
- Det langt til havs er kjend - !

— .. —

Ditt måneskin! Din elvesus! Din fuglesong! Din fossebrus!
Di bjölleklang i lid — !
Din solflaume over dal og fjell, ein ljosleitt vår- og sumarkveld
eg minnest all mi tid — !

— . —

Din skog som susar glad sitt kvad! Og glitrande på blom og blad
ligg dogg og skjelo i sol — - !
Men snart du stend i kvile lin: Velkomen er han, snöen din,
når det lid fram mot jol!

— . —

Her bur mitt folk: i dal, ved fjord, Frå Lindesnes til langst i nord,
der midnattssoli skin — !
Her leika dei i barndomsår! Her dei den siste kvila får
i Kyrkiegarden din!